

Dykkar ref.

Vår ref.
25/1253-1/ASV

Dato
31.10.2025

Innspel om NRKs bidrag til mediemangfaldet

Språkrådet viser til førespurnaden frå Medietilsynet (datert 9. oktober 2025) om innspel til vurdering av NRKs bidrag til mediemangfaldet, i samanheng med oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet.

Dette innspelet tek hovudsakleg for seg fire område Språkrådet meiner Medietilsynet burde sjå nærare på når dei vurderer NRKs bidrag til mediemangfaldet i Noreg:

- språk i innhald for barn og unge
- NRKs bidrag til nynorsk som likestilt skriftspråk
- innhald på teiknspråk
- innhald på nasjonale minoritetsspråk

Språkrådet ber Medietilsynet om å ta stilling til innspelet.

Bakgrunn

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet.

Medietilsynet skal kartleggja korleis tilbodet til NRK, samanlikna med tilbodet frå andre aktørar, bidreg til innhalds- og bruksmangfald, korleis NRK oppfyller sitt særskilde ansvar for å dekkja tematiske og geografiske blindsoner, og korleis NRK gjennom samarbeid med andre aktørar bidreg til mediemangfaldet.

NRK spelar ei viktig og særskild rolle for det norske språket i media og i det norske samfunnet. Som einaste offentleg eigde allmennkringkastar er NRK heilt avgjerande for å styrkja norsk som det nasjonale hovudspråket i Noreg og bidra til at bokmål og nynorsk er jamstilte språk som kan brukast i alle delar av samfunnet, i tråd med språklova § 4. NRK når store delar av befolkninga, og i ein mediekvardag påverka av internasjonale medieaktørar, engelskspråkleg innhald og desinformasjon er det nødvendig med stabile vilkår for redaktørstyrte medium som NRK.

Merknad til NRKs bidrag til innhald for barn og unge

NRK spelar òg ei viktig rolle som redaktørstyrt medium og motvekt til nyheitsstraumen i sosiale medium. Det er særleg viktig for barn og unge, som i aukande grad får nyheiter frå plattformer der engelsk språk dominerer, og der det kan vera krevjande å skilja mellom kvalitetssikra informasjon og brukarstyrt innhald. Tal frå Kantar Media (2025) viser at sosiale medium for første gong har passert nettaviser som den viktigaste nyheitskjelda for unge. Nær 6 av 10 barn og unge ser og les nyheiter på sosiale medium, ifølgje tal frå SSB (2025).

Samtidig peikar funn frå ei undersøking gjord av Kantar på vegner av Norsk filminstitutt NFI på at det finst for lite innhald på norsk, spesielt for dei eldre barna. Fleire av barna som deltok i undersøkinga, svara til dømes at dei har «runda» innhaldet til NRK. Resultata frå undersøkinga frå Kantar/NFI understrekar behovet for at NRK byggjer eit rikt og variert tilbod til barn og unge, slik at barn og unge møter relevant og engasjerande innhald på norsk. For at norskspråkleg kultur- og medieinnhald skal bli valt i konkurransen med det engelskspråklege, treng vi gode språklege førebilete som NRK.

Merknad til NRKs bidrag til nynorsk

Offentlege verksemder har eit særleg ansvar for å fremja nynorsk, då dette er det minst brukte norske skriftspråket. Som offentlig eigd allmennkringkastar har NRK eit særskilt språkoppdrag som òg er nedfelt i vedtektene til NRK.

Funna våre i *Språkstatus 2025* viser at nynorsk tapar terreng blant barn og unge. Kring to av tre elevar som har hatt nynorsk som hovudmål, byter til bokmål i løpet av vidaregåande. For at nynorskbrukande barn og unge skal få bruka og sjå språket sitt, treng dei å møta det på plattformer der dei er sjølve. Det er få nasjonale nyheitsmedium som dekkjer nyheitsbiletet på nynorsk, men NRK Super og NRK Skole er to plattformer som når breitt ut til barn og unge landet over. NRK har eit særleg ansvar for å halda fram med å bruka nynorsk på desse plattformene og elles i nyheitsdekninga si for barn og unge. Denne særskilde rolla til NRK er svært viktig, særleg for barn som har nynorsk som skriftspråk.

NRK brukar sosiale medium og digitale plattformer i nyheitsdekninga retta mot unge målgrupper, men måler ikkje kor mykje av dette innhaldet som er på nynorsk. Det meiner Språkrådet er uheldig. Vi ber difor Medietilsynet om å leggja vekt på behovet for å fremja nynorsk, ikkje minst på sosiale medium, når dei vurderer korleis NRK bidreg til mediemangfaldet. Nynorskkravet som gjeld for resten av innhaldet til NRK, må òg gjelda innhald publisert på sosiale medium.

Merknad om norsk teiknspråk

Gjennom kringkastingsforskrifta § 2-5 vert det stilt ei rekkje krav til teksting, teiknspråk og teiknspråkstolking i fjernsynstilbodet og strøymetilbodet til NRK. Norsk teiknspråk, jamfør språklova § 7, har status som det nasjonale teiknspråket, og det er likeverdig med norsk som språkleg og kulturelt uttrykk. Språkrådet meiner difor at NRK i større grad må fremja norsk teiknspråk som kulturberar og som del av det norske språklege mangfaldet. Det vil innebera å ha innhald på og om norsk teiknspråk utover kravet om universell utforming. Språkrådet etterlyser òg meir innhald på teiknspråk for barn og unge.

Merknad om dei nasjonale minoritetsspråka

Språklova § 6 stadfestar at kvensk, romani og romanes er dei nasjonale minoritetsspråka i Noreg, og at dei er likeverdige norsk som språklege og kulturelle uttrykk. I mediemangfaldsrapporten for 2021 konkluderte Medietilsynet med at NRK måtte styrkja tilbodet til nasjonale minoritetar som eit verkemiddel for representasjon og synleggjering av desse gruppene. I 2024 konkluderer Medietilsynet med at NRK tilbyr program og nettsaker på kvensk og oppfylte dermed delvis det nye kravet om å tilby innhald på nasjonale minoritetsspråk i 2024. Språkrådet meiner at NRK må halda fram med å styrkja dette tilbodet på alle minoritetsspråka

Referansar

Europarådet. (1995). *Rammekonvensjon om beskyttelse av nasjonale minoriteter – ETS nr. 157* (01-02-1995). Kommunal- og distriktsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/no/tema/urfolk-og-minoriteter/nasjonale-minoriteter/midtspalte/europaradets-rammekonvensjon/europaradets-rammekonvensjon/id2362518/>

Kantar Media. (2025). *Medietrender ung 2025. En rapport om medielivet til norske 15-24-åringar*. [rapport].

Kantar/Norsk filminstitutt. (2024). *I strømmen av innhald. 7-14-åringers forhold til filmer, serier og spill*. [rapport]. https://cdn.craft.cloud/0df8a7fe-ef75-40cb-9e44-53aac4ffeac2/assets/uploads/documents/Rapporter/Innsiktsrapporter/I-stroemmen-av-innhold_7-14-aaringers-forhold-til-filmer-serier-og-spill_Rapport-2023.pdf

NRK. (1996 [2023]). *Vedtekter for Norsk rikskringkasting AS*. Kultur- og likestillingsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/42ec01356cf14e08934331d4b8467e4d/vedtekter-for-norsk-rikskringkasting-as-1-januar-2023.pdf>

Prop. 1 S (2022 –2023). *Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)*. Kultur- og likestillingsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/7e4a1f35e6e1477b9d6a2fa18ef05fc7/no/pdfs/prp202220230001kuddddpdfs.pdf>

Prop. 108 L (2019–2020). *Lov om språk (språklova)*.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/92c0cb2b20ba4d2aac3c397c54046741/nn-no/pdfs/prp201920200108000dddpdfs.pdf>

SSB. (2025). Norsk mediebarometer 2024. https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/tids-og-mediebruk/artikler/norsk-mediebarometer-2024/_/attachment/inline/80d67c8e-0a29-4fc5-bf86-b03a03dc1f3b:ac1832c46f295b17b3469b3d31eed54b8475588e/SA179_web.pdf

Vennleg helsing
Nina Teigland
avdelingsdirektør

Annvor Seim Vestrheim
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.